



Øyvind Berg
Tertneshøyden 34
5113 TERTNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8272 - 22/88858

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
21.11.2022

Melding om registrering av ferdig oppsatt naust - gbnr 445/120 Manger nedre

Viser til e-post 16.11.22. om registrering av naust som ferdig bygd i matrikkelen.

Byggesaka frå Radøy kommune sitt gamle arkiv viser at dette var ei meldingssak for naust, og ikkje ein ordinær søknad om bygging av naust. Det vert ikkje skrive ut ferdigattest etter slike meldingssaker, men bygget skal registrerast med statusen «tatt i bruk» i matrikkelen.

Naustet er no registrert ferdig i matrikkelen, med stausen «tatt i bruk» frå 01.12.2010- datoen då byggesaksbehandlar i Radøy gav tilbakemelding på at di melding om ferdig bygg var tilstrekkeleg.

Me kan berre beklaga at dette ikkje har vore registrert før, då dokumentasjonen i byggesaka viser at intensjonen var at dette kunne registrerast som ferdig i 2010. Denne meldinga har nok «falle mellom 2 stolar».

Bygget er nok truleg feilført med rammeløyve og igangsettingsløyve, då det berre skulle vore registrert som meldingssak. Det er no registrert ferdig med rett status for ferdig meldingssak.

Vedlagt ligg matrikkelrapport for bygget som viser kva som er registrert om bygget i dag.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:
445-120-naust

Mottakarar:
Øyvind Berg

Tertneshøyden 34

5113 TERTNES